

TRIVSELSGRENDA



RISNES KRINS





Syltneset - verneverdig kystlynghei

I sjøen og vågane omkring Syltneset har det til alle tider vore mykje fisk, fugl og anna jaktbart vilt. I dag kan du finna både oter, hjort og villsauane til villsaulet på Syltneset. Havørn og hubro seglar ofte over dette relativt opne lyngheiområdet. Desse fuglane set seg gjerne på ein haug med god oversikt og et byttet dei har fanga, det kan vera både fugl, mus og andre dyr. Nede i djupet kan du finna steinbit, flyndre, torsk og mange andre slags fiskar og levande skapningar. Folk i dette området har alltid nytta havet sin rikdom i livberginga si. Det finst også fine badeplassar på Syltneset som du kan nytta ein fin sommarsdag. Her har det levd folk sidan steinalderen.





Du kan finna mange restar etter folk som har nytta landskapet tidlegare. Mellom anna finn du spor i myrene etter den omfattande torvdrifta som har vore her. Alt brenselet til oppvarming og matlaging på gardane her kom frå torvmyrene før skogen i Radøy kom attende på 1900-talet. Eit mildt kystklima skapte ideelle vilkår for landbruksdrift og heilårsbeiting, og etterkvart vart den opne menneskeskapte kystlyngheia på Syltneset skapt. Ho har truleg vore der som open lyngkledd hei i fleire tusen år. I dag brenn og skjøttar aktive villsaubønder denne lyngheia igjen, slik som bønder før dei har gjort i mange generasjonar. Du ser og resultat av skogreisninga på Syltneset, men og av atgroing av tre og skog på grunn av manglande beiting og lyngsviing. I dag reknar me lyngheiane i Noreg som verneverdige og det er no sett i gang ein nasjonal politikk i Noreg for å ta vare på dei gamle kystlyngheiane våre. Lyngheiane i Radøy og på Syltneset er ein del av vår felleseuropeiske kulturarv.

Asbjørn Nagell Toft





Risnes skule

Det første skulehuset i bygda vart bygt i 1895. Skulehuset som står idag vart bygt i 1939 og teke i bruk i 1945. Skulehagen vart starta opp i 1919. Elevene ved skulen dyrka grønsaker og andre vekster. Samme åre vart det planta ymsne treslag, som står i hagen i dag. Siste skuleåret i Risnes skule vart i 1997. I 2002 var det to kunstnere som tok over huset for å bu og arbeide her. Risnes skule har gjennom alle åra vore det naturlege samlingspunktet i krinsen.



Steinløa på Sylta

Denne særprege steinløa som no er vorte restaurert kan du sjå når du ferdast langs fylkesvegen. Det står ein stor potetkjellar på andre sida av vegen.

Steingavlen (vernemuren) mot sørvest i løa er nyleg mura opp att av dugande handverkarar innafor gråsteinsmurarlaget.

Steinløa er elles grindverksbygd. Dette er ein gamal byggeskikk som går mange tusen år attende i tid. Frå antikvarisk hald vert slike steinbygningar rekna som verneverdige. Toppsteinen i steingavlen vert på folkemunne kalla ein "gauk".

Det at det grøne kulturlandskapet omkring vert drifta og teke vare på av aktive bønder gjer sitt til at dette kulturminnet kjem godt fram. Takke vera seig vilje frå kvinna på garden,Valgjerd Tungesvik Sylta vart denne restaureringa sett i gang og fullført.





Sytavågen meieri

Det idylliske meieriet i Syltavågen var i drift frå 1908-1952. Mjølka som kom inn her vart levert av mjølkebønder i krinsen,

og området her vart etterkvart eit viktig knutepunkt i bygda. For å byggja meieriet måtte bøndene mellom anna ta opp lån i Manger Sparebank. Mykje av mjølka som kom inn hit vart sendt til Bergen med båt. For å kjøla mjølka ned i sommarhalvåret vart det bygd eit ishus saman med meieribygningen. Det var vanleg at bøndene henta is om vinteren i Bøtjødne eller Lommetjødne på Bø. Isen vart køyrd til ishuset. I andre etasjen på dette meieriet som står her i dag, vart det bygd bustad for meierska.

I dag er dette verneverdige kulturminnet i ferd med å verta restaurert av eigaren Magnar Øyhovden . Frå meieriet ser ein og nausta til gardane på Sylta.

Den smale kommunale vegen ned til kaien her er også ein del av dette gamle kulturmiljøet.





Tellnes Kystbruk på Sjenholmen

Ved Tellnes Kystbruk, på det tidlegare sildesalteriet "Dudlatun", har det sidan 1997 vore drive undervisning og kursverksemd som byggjer på ei heilskapstenking om relasjonen mellom menneske/natur/kultur/helse. Eit overordna motto har vore "Livskvalitet i naturen". Her kan deltakarane oppleve friluftsliv på kysten, med fiskeing, segling og roing i tradisjonelle trebåtar frå Vestlandet. Tellnes Kystbruk prøver å få formidla verdien av ein enkel og naturvenleg livstil. All undervisning om kystkultur og friluftsliv er her basert på dei same verdiane som kjenneteiknar økoturisme. Det har vore ein viktig føresetnad at deltakaren kan oppleve eit relativt urørt natur- og kystlandskap med tilhøyrande dyre- og fugleliv. Ein annan viktig kvalitet er det å kunna oppleve "ein levande stillheit". Denne typen stilla vert det stadig mindre av i samfunnet og dette kjem til å verta meir og meir verdsett framover. -Ikkje minst av folk frå utlandet. Ved Tellnes Kystbruk vil me forsøka å utvikla vidare ei verksemd som fremjar livskvalitet i natur, og som kan inspirera til ein natur- og klimavenleg livsstil.






Turstiane i Syltneset

Turstigruppa i Risnes grendalag vart starta etter ein idedugnad i samband med at Risneskrinsen vart ei av fleire trivselsgrrender i Hordaland. Gruppa har laga ein familievenleg tursti frå Sylta til Syltnestangen, ei strekning på om lag 3 km i relativt open lynghei. Folk i krinsen har lagt ned mange dugnadstimar, og det er rydda vekk mykje lyng og kratt. Det er laga klopper over ein del våte parti. Det er sett opp ein benk på Steinhaugen og ein ved enden av stien. På begge stadane ser ein vidt





omkring. Her kan du sjå havet i vest og dei høge fjella i aust. Lengst ute på neset er det også ei turbok om ein kan skriva seg inn i. På vestsida i Syltneset er ein no i gang med vidareføring av stien slik folk kan gå ein lengre rundtur i området. Informasjonstavle og skilt er kome opp i byrjinga av stien.





Syltaneset Beitelag BA

Dei samanhengjande lyngheiane våre er unike i europeisk samanheng. For å ta vare på dei måtte beiting av villsau skje, men det måtte også brennast i tillegg. 8 menn i krinsen vart samde om å gå i gang med Syltaneset beitelag. På denne måten kunne me ta vare på kulturlandskapet her til framtidige generasjonar. I 2006 starta me beitelaget og mange dugnadtimar har me no lagt ned her med gjerding og rydding. Hausten 2006 kjøpte beitelaget 50 villsauer og me svidde omlag 300 dekar med lyngmark i 2007. Då me såg flammehavet på da versta, kom skepsisen snikande. Kva hadde me sett i gang? Ville da ta fyr i skogen? Resultatet var verd dei svidde augebrynene, landskapet er no ikkje til å kjenna igjen. Det gir oss håp om at om nokre år er heile Syltaneset





tilbake slik det var i "gamle dagar". Og dette vil nok også gleder turgåarane i området. Naturopplevinga kombinert med synet av beitande dyr gjer nok turstien endå meir attraktiv. Og fleire turgåarar gjer sitt til at villsauene ikkje vert altfor ville når me skal sankar dei for klipping og merking. Sankinga er forresten ei oppleving i seg sjølv og me tek gjerne i mot folk om vil vera med på det. Det er eit flott syn å sjå at lyngen og andre blomstar kjem opp så fargerik der me har brent og stelt i lyngheta på Syltaneset. Orkidear, blåklokker og mange andre plantar kan du no sjå i området. Også hubroen og havørna er eit vanleg syn her. Intensjonen vår er å ta vare på Syltaneset samstundes som me har da triveleg i lag. Beitelaget er ein av aktivitetane i trivselsgrenda. Me som er med her håpar at det arbeidet Syltaneset beitelag gjer vil gi auka trivsel også til komande generasjonar. Beitelaget er takksam for den hjelp og støtte ein har fått frå Radøy kommune og Fylkesmannen si Landbruksavdeling.



Kvernhusa på Villanger

På Villanger finn du to flotte restaurerte kvernhus. Det var vanleg at gardsbruka her hadde om lag 3 dekar med korn, både bygg og havre. Mjølet var viktig i hushaldet, til graut og andre bakverk. Det eldste kvernhuset er frå siste halvdel av 1700-talet (ca 1795). Det nyaste kvernhuset er frå 1911, men det har stått hus her før den tid. Dette kvernhuset er i god stand og kan brukast. Kvernhusa er felleseige for garden Villanger.



2A M I N S P H E W
17

Vatnet som dreiv kvernene kom frå Litlevatn og Mjøsvatn. Huset var i drift til 1945. I 1996 vart husa og dei tekniske kulturminne i samband med kverndrifta restaurert og det nyasteer i dag i brukbar stand. Kulturberaren Arne Villanger har halde kurs i kverndrift her i samband med kulturdagar og i undervisningssamanheng. Kvernhus er eit av dei mest verdifulle kulturminne som enno finst att frå det gamle landbruket. Det er god gangsti til kvernhusa frå fylkesvegen.





Syltastova

Syltastova, den vakre torvkledd bygningen som står ved fylkesvegen på Sylta, er truleg frå siste halvdel av 1500-talet. Bygningen her var opphavleg ei ljorestova, der eldstaden var midt på golvet. Grove tømmerdimensjonar, bua døverestykke og tjørøkross over døra syner oss at dette er ein gamal bygning. Det er truleg eit av dei eldste kulturminna ein har i Nordhordland.

Syltastova vart modernisert etter som tidene endra seg, til slik ho står i dag. Syltastova er ein del av fellestunet på Utsylta, det var eit rekketun med fleire hus. I dag er det Nord- og Midhordland Sogelag som eig stova. Det budde folk i stova fram til 1929. Under andre verdskrig vart det lagra poteter i stova. Huset vart sett i stand i 1918, seinare i 1948 og sist i 2004. Då vart det lagt nevertak på Syltastova, og ho vart sett i stand slik me kan oppleva ho i dag.

Dendrokronologiske undersøkingar tyder på at tømmeret til Syltastova vart høgd i tida 1550-1610



Forfattarar og fotografar: Frontside: Fotos: Linda Sylta, Mike Rackwitz. **Syltneset-verneverdig kystlynghei:** Text: Asbjørn Nagell Toft. Fotos havørn: Håvard Nagell Bjørdal. Oter: Terje Haugland. Lyng: Mike Rackwitz. Orkideer: Asbjørn Nagell Toft. **Risnes skule:** Text: Arne Villanger. Fotos: Mike Rackwitz. **Steinløa på Sylta:** Text: Asbjørn Nagell Toft. Fotos: Mike Rackwitz. **Syltavågen meieri:** Text: Asbjørn Nagell Toft. Fotos: Mike Rackwitz. **Tellnes Kystbruk på Sjenholmen:** Text: Atle Tellnes. Fotos: Mike Rackwitz. **Turstiane i Syltneset:** Text: Anne-Lise Rikstad, Reidun Henne. Fotos: Reidun Henne. **Syltneset Beitelag BA:** Text: Magnar Sylta. Fotos: Eli Blomvågnes, Linda Sylta. **Kvernhusa på Villanger:** Text: Arne Villanger. Fotos: Mike Rackwitz. **Syltastova:** Text: Arne Villanger. Fotos: Mike Rackwitz, Asbjørn Nagell Toft. **Bakside:** Foto: Mike Rackwitz. **Denne side:** Foto fra Syltneset: Reidun Henne. **Layout:** Mike Rackwitz.



